

ALKOHOLPOLITISK HANDLINGSPLAN

2020-2024



Volda
kommune

Høyringsfrist:

Innhald

1 Formålet med planen	4
2. Gruppeinndeling alkoholholdig drikk	6
3. Løyveperiode for sal- og skjenkestadane	6
4. Om skjenkeløyve	6
4.1 Vanleg skjenkeløyve	6
4.1.1 Konsept.....	6
4.1.2 Skjenketider.....	7
4.1.3 Vilkår for å få skjenkeløyve.....	8
4.2 Løyve ved einskildhøve.....	8
4.2.1 Konsept.....	8
4.2.2 Skjenketider einskildhøve.....	9
4.2.3 Vilkår.....	9
4.3 Ambulerande skjenkeløyve	9
4.3.1 Kva er eit slutta lag	9
4.3.2 Omfang og skjenketid for ambulerande skjenkeløyve.....	10
4.4 Sakshandsaming	10
4.4.1 Søkjær	10
4.4.2 Dokumentasjon	10
4.4.3 Innhenting av uttalar	11
5. Om salsløyve.....	12
5.1 Salsløyve	12
5.1.1 Varegruppe 1.....	12
5.1.2 Varegruppe 2 og 3	12
5.1.3 Salstider	12
5.1.4 Vilkår salsløyve	13
5.2 Sakshandsamingsreglar salsløyve.....	13
5.2.1 Søkjær	13
5.2.2 Løyveperiode	13
5.2.3 Dokumentasjon	13

5.2.4 Innhenting av uttalar	14
6. Kontroll med sals- og skjenkestader.....	15
7. Reaksjonar på brot på alkohollova	15
7.1 Prikktildeling og inndraging av sals- og skjenkeløyve.....	15
7.2 Sakshandsamingsreglar ved brot på regelverket	16
8.Sals- og skjenkegebyr	16
Vedlegg: Reaksjonar ved brot på alkohollova	18

1 Formålet med planen

Alkohol- og narkotikabruk er blant dei viktigaste risikofaktorane for helsetap og tidlig død i befolkninga. Alkohol er årsak til betydeleg meir helsemessige og sosiale problem i samfunnet enn narkotika.

Tal og faktainformasjon frå [Folkehelseinstituttet](#) viser at:

- Vi drikker i gjennomsnitt nesten 7 liter rein alkohol per år, rekna per innbyggjar over 15 år
- Menn drikker oftere og i gjennomsnitt dobbelt så mykje alkohol som kvinner
- Eldre drikker oftere, men mindre alkohol enn yngre
- Vi drikker vesentleg mindre alkohol i Noreg enn i dei fleste europeiske land, rekna per innbyggjar på 15 år og over
- Vel 12 prosent av tapte friske leveår i den vaksne befolkninga (aldersgruppa under 65 år) i Noreg kan ha sin årsak i alkoholbruk
- Rusmiddelrelaterte helseskadar er sosialt skeivdelt, og grupper med lågare utdanning og/eller dårlig økonomi er meir utsette enn andre
- Den sosiale ulikskapen i dødelighet som vi ser i Noreg, kan til ein viss grad settast i samanheng med alkoholbruk. Tiltak som effektivt reduserer rusmiddelbruk i befolkninga, vil utifra dette kunne gi ein betydeleg folkehelsegevinst og medverke til redusert tap av helse der dette har opphav i sosiale ulikskapar

Det er ein samanheng mellom det totale alkoholforbruket i befolkninga og andelen som har eit risikofylt alkoholbruk. Totalforbruket er difor ein god indikator på kor mange som har eit høgt alkoholinntak, og med det auka risiko for helseskader og sosiale utfordringar.

Alkoholbruk kan vere ein medverkande faktor ved ulykker, vald, sjølvmordsåtferd, og skade på tredjepart. Døme på sistnemnde kan vere born som lid under alkoholbruken til foreldra, fosterskadar, offer for promillekjøring og valdsbruk. Alkoholbruk har også mange negative konsekvensar for arbeidslivet som til dømes auka sjukefråvær og tapt produktivitet.

Formålet til alkohollova er følgjande:

§ 1-1. Lovens formål.

Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.

Lova gir kommunane stor fridom til å utforme sin egen alkoholpolitikk tilpassa lokale tilhøve. Lova opnar også for bruk av skjønn ved handsaming av søknad om løyve.

Alkohollova § 1-7 d pålegg kommunen å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Denne fastset kommunen sin løyvepolitikk som skal gjennomføre alkohollova sitt formål; å redusere dei individuelle og samfunnsmessige skadene som alkoholbruk kan medføre. Effektive verkemiddel for å oppnå dette er å avgrense tilgangen på alkohol, ved til dømes regulering av sals- og skjenketider. Andre viktige tiltak er jamlege kontrollar med sals- og skjenkestadane, og raske reaksjonar ved brot på regelverket.

Kommunen må også kurse løyvehavar og tilsette ved sals- og skjenkestadane for å sikre ei ansvarleg alkoholhandtering.

Det er eit uttalt politisk ønske at kommunane i vår region har ein tilnærma lik løyvepolitikk, spesielt med omsyn til sals- og skjenketider, kontroll og handheving av regelverket. Dette på grunn av trafikktryggleik og likast mogleg konkurransevilkår for verksemndene.

Saksbehandlarane i samarbeidskommunane bør ha jamnlege samarbeidsmøte for å drøfte ulike problemstillingar og sikre god samordning av praksis.

Kommunen sin alkohol- og løyvepolitikk må sjåast i samanheng med kommunen sine overordna planverk for rusmiddelpolitikk og folkehelse.

Sjå elles:

[Alkohollova](#)

[Alkoholforskrifta](#)

[Helsedirektoratet sine kommentarar til alkohollova](#)

[Folkehelseinstituttet sine heimesider](#)

2. Gruppeinndeling alkoholholdig drikk

Alkoholfri drikk	Under 0,7 %
Alkoholsvak drikk	0,7%- 2,5 %
Gruppe 1	Over 2,5 % - høgast 4,7%
Gruppe 2	Over 4,7 % - høgast 22 %
Gruppe 3	Over 22 % - høgast 60 %

3. Løyveperiode for sal- og skjenkestadane

Løyveperioden er inntil 4 år og skal vare til 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer.

Vedtak vert gjort etter reglane i alkohollova med forskrifter, forvaltningslova, alkoholpolitisk handlingsplan og delegasjonsreglementet i kommunen.

Kommunen kan bestemme at sal- og skjenkeløyve ikkje skal opphøyre, men gjelde vidare for ny periode med inntil fire år. Kommunen vil utarbeide eigne retningsliner for dette.

4. Om skjenkeløyve

Kommunen kan gi alminneleg skjenkeløyve, skjenkeløyve til einskildshøve og ambulerande løyve.

4.1 Vanleg skjenkeløyve

Kommunen har ikkje vedteke eit tak for talet på skjenkeløyve. Løyvet vert gitt med heimel i alkohollova og alkoholpolitisk plan.

4.1.1 Konsept

Det vert som hovudregel ikkje gitt vanleg løyve til:

- Frisørsalongar/hudpleiesalongar/butikkar og liknanda konsept
- Arrangement som er retta hovudsakleg inn mot barn og unge under 18 år.
- Undervisningsbygg
- Mosjon- og Idrettsarenaer

- Konditori
- Galleri og utstillingar
- Kulturbygg- og bygg som vert nytta som grendehus
- Kino
- Campingplasser
- Soner som elles vert rekna som rusfrie
- Bensinstasjonar
- Kioskar

Det skal førast ein restrektiv line til nye konsept.

4.1.2 Skjenketider

Normal skjenketid	Gruppe 1 og 2	Søndag – torsdag:	Kl. 11.00 – 01.00 inne. Fram til kl. 24.00 for uteareal.
		Fredag og laurdag	Kl. 11.00 – 02.00 inne. Fram til kl. 24.00 for uteareal.
	Gruppe 3	Alle dagar	Kl. 13.00 – 24.00 både inne- og uteareal
Jul	2. juledag t.o.m. 1. nyttårsdag		Gruppe 1 og 2: Kl. 11.00 – 02.00 Gruppe 3: Kl. 13.00 – 24.00
Påske	Måndag etter palmesøndag t.o.m. 2. påskedag		Gruppe 1 og 2: Kl. 11.00 – 02.00 Gruppe 3: Kl. 13.00 – 24.00

- Konsum av alkoholholdig drikke må opphøye seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut.
- Konsum av alkoholholdig drikke i uteareal skal slutte ved skjenketida sin slutt, alkoholholdig drikke må då takast med inn i skjenkelokalet.
- For skjenkestadar som er lokalisert utanfor tettstadsområde og på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida ute setjast lik skjenketida innandørs.
- Driftskonsept hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl. 09.00 alle dagar.

4.1.3 Vilkår for å få skjenkeløyve

Kommunen kan sette vilkår for løyve i samsvar med lovverket.

Desse kan vere:

- At minimum styrar og vara for styrar skal delta på kurset Ansvarleg vertskap så lenge kommunen tilbyr dette i løyveperioden. Ved skifte (styrar og vara for styrar) gjeld same vilkåret.
- Politiet kan krevje ordensvakter. Når dette vert gjort vert dette stilt som vilkår for løyvet.
- Skjenkestadane skal ha forsvarleg vakthald og søker skal dokumentere forsvarleg kompetanse til dørvakttoppgåvene.
- Ansvarlege for skjenkeløyve skal ikkje vere påverka av rusmiddel

4.2 Løyve ved einskildhøve

Løyvet kan tildelast arrangement som varer frå 1-6 dagar.

4.2.1 Konsept

Konsept det ikkje vert gitt løyve til:

- Arrangement som er retta imot barn og unge
- Undervisningsbygg. I kombinerte anlegg for skule og andre føremål kan det ved særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida.
- Campingsplassar

- Soner som elles vert rekna som rusfrie som symjehallar, skisenter, ungdomsklubar, bibliotek og idrettsarenaer i samband med idrettsarrangement og idrettsaktivitet.
- Hudpleiesalongar, frisørsalongar, tatoveringsstudio og liknande.
- Gatekjøkken, kioskar, bakeri og liknande konsept

Løyve for varegruppe 3 vert berre gitt til arrangement med middagsservering.

I samband med søknad om løyve for einskildhøve vert det bede om uttale frå politiet, sjå punkt 4.4.3.

4.2.2 Skjenketider einskildhøve

Normal skjenketid vert som for alminneleg løyve (jf punkt 4.1.2).

4.2.3 Vilkår

Kommunen kan sette vilkår jf. alkohollova § 4-3 for løyve ved einskildhøve.

Kommunen kan sette same vilkår som for vanleg løyve (jf. punkt 4.1.3).

Normalt vil vilkår som vert sett vere knytt til:

- vakthald under arrangement
- løyve til bruk av bygg
- løyve til bruk av uteareal
- dokumentasjon på at tryggleik er ivaretak, derunder branngryggingstiltak

4.3 Ambulerande skjenkeløyve

Det kan gjevast ambulerande løyve for skjenking til slutta lag der det vert teke vederlag for alkoholhaldig drikke.

4.3.1 Kva er eit slutta lag

Med slutta lag meiner ein at det allereie før arrangementet tek til er danna eit slutta/privat krins av personar som samla for eit bestemt formål i eit bestemt lokale. Døme på slutta lag er bryllaup, åremål, jubileum, firmafestar og liknande, der det vert omsett alkohol.

Ved leige av lokale er det ikkje utleigar som skal søkje, men den som held det slutta laget.

Arrangement som vert haldne av lag og foreiningar er ikkje å rekne som slutta lag.

Arrangementet skal ikkje vere ope for andre.

For meir informasjon om [ambulerande skjenkeløyve og kva som skal reknast som slutta lag, sjå helsedirektoratet sine heimesider](#).

4.3.2 Omfang og skjenketid for ambulerande skjenkeløyve

Kommunen set eit tak på 5 ambulerande løyve på same dag.

Eit slikt løyve kan omfatte øl, vin og brennevin.

Skjenketider for ambulerande løyve vert som for alminneleg løyve, jf. punkt 4.1.2.

4.4 Sakshandsaming

Kommunen er ansvarleg for den utøvande løyvepolitikken, etter den alkohollovgjevinga som til ei kvar tid gjeld.

Skjenking av alkoholhaldig drikke kan berre skje på grunnlag av kommunal løyve, jf. alkohollova § 1-4a.

For søknader om ambulerande skjenkeløyve og skjenkeløyve ved einskildhøve må kommunen ha mottatt søknaden 3 veker før arrangementet skal finne stad.

4.4.1 Søkjar

Søkjar er den som har det økonomiske ansvaret for drifta og dette kan vere:

- aksjeselskap, ansvarlig selskap, selskap med delt ansvar og stiftelse
- enkeltmannsføretak
- datterselskap til eit konsern

4.4.2 Dokumentasjon

Ved søknad om vanleg skjenkeløyve skal dette leggast ved søknaden:

- Firmaattest for alle selskap involvert i drifta. Attestane skal ikkje vere eldre enn 2 månadar
- Dokumentasjon på at styrar og vara for styrar har bestått kunnskapsprøva i alkohollova jf. alkohollova §1-7c
- Dokumentasjon for at styrar og vara for styrar er tilsett i bedrifta

- Skisse over skjenkeareal inne og ute. Skjenkearealet skal vere skravert eller fargelagt.
- Kopi av overdragingsavtale ved eigarskifte
- [Internkontrollrutinar](#)

Søknadar vert ikkje handsama før all vesentleg dokumentasjon er levert inn.

4.4.3 Innhenting av uttalar

Ved alminneleg skjenkeløyve skal kommunen innhente uttale før søknaden vert handsama. Kommunen pliktar å hente inn uttale frå politi og sosialtenesta. Kommunen kan og innhente uttale frå til dømes skatte- og avgiftsmynde, mattilsynet, og andre aktuelle offentlege myndigheter.

Når ein innhentar uttale om vandel kan det ikkje takast omsyn til høve som er eldra enn 10 år.

Skatte – og avgiftsmynde

Skatteetaten gir uttale om kor vidt løyvehavar stettar:

- likningslova sitt krav om innlevering av sjølvmelding
- meirverdiavgiftslova sitt krav om innsending av oppgåve over omsetting
- plikt til å betale meirverdiavgift
- krav til registrering av firmaet i meirverdiregisteret
- skattebetalingslova sitt krav om arbeidsgivar sitt forskotstrekk
- regnskapslova sitt krav om at det vert ført rekneskap og at det utarbeidast årsoppgjer o.l.

Vidare vil ein få informasjon om løyvehavar har vore involverte i konkursar med vidare.

Politiet

Politiet sin uttale peikar på tilhøve kring tryggleik, trafikale omsyn, omsyn til offentleg ro og orden og om det er andre tilhøve ved skjenkestaden, lokalisering og verksemda som tilseier at ein ikkje tilrår å gje skjenkeløyve.

Politiet skal i samsvar med lovverket gje uttale om søkjær og ansvarlege juridiske personar sin vandel dei siste 10 åra.

Sosialtenesta

Sosialtenesta uttaler seg ut ifrå sosiale og helsemessige forhold.

5. Om salsløyve

Sal av alkoholholdig drikk skal berre skje på bakgrunn av kommunalt løyve, jf. alkohollova § 3-1.

5.1 Salsløyve

5.1.1 Varegruppe 1

Alkohol i varegruppe 1 kan som hovedregel berre seljast av:

- Daglegvarebutikkar
- Spesialbutikkar for mat og alkohol
- Utsal fra stad med tilverknadsløyve, som t.d. gardssal
- Nettbutikkar
 - Nettbutikkar med verksemadsadresse i kommunen må ha salsløyve
 - Nettbutikkar med verksemadsadresse i andre kommunar, men som leverer ut alkohol i kommunen må ha salsløyve
 - Utlevering av alkohol må finne stad innanfor fastsette tider for sal i kommunen, uavhengig av tidspunkt for bestilling eller betaling

Det er ikkje høve til å opprette monopol for sal av varegruppe 1.

Det vert ikkje gitt salsløyve:

- til bensinstasjonar og kioskar
- som hovedregel i lokale der det er gitt skjenkeløyve

5.1.2 Varegruppe 2 og 3

Sal av alkoholholdig drikk varegruppe 2 og 3 skal skje frå AS Vinmonopolet sine salstadar.

5.1.3 Salstider

For salsstadar med løyve i varegruppe 1 gjeld desse salstidene:

Kvardagar	kl 09.00 - kl 20.00
-----------	---------------------

Laurdag og dagar før heilagdagar	kl 09.00 - kl 18.00
Dagen før Krist Himmelfartsdag	kl 09.00 – kl 20.00

Det er tillate å selje alkohol på valldagen.

Vara skal vere betalt innan salstida sin slutt.

5.1.4 Vilkår salsløyve

Kommunen kan sette vilkår for løyva i tillegg til dei krav lovverket krev. Det vert vurdert å sette eit eller fleire vilkår for løyve.

Desse er:

- Salsstadane skal delta på «Ansvarleg sal» ved første moglege kurs. Dette så lenge kommunen tilbyr det. Dette gjeld minimum styrar og vara for styrar. Ved skifte (styrar og vara for styrar) gjeld same vilkåra.
- Rutinar for internkontroll skal leverast til kommunen seinast 1 mnd etter at vedtak er gjort.

5.2 Sakshandsamingsreglar salsløyve

5.2.1 Søkjar

Søkjar er den som har det økonomiske ansvaret for drifta og dette kan vere:

- Eit aksjeselskap, ansvarlig selskap, selskap med delt ansvar og stiftelse
- Enkeltmannsføretak
- Dotterselskap til eit konsern.

5.2.2 Løyveperiode

Løyveperioden er inntil 4 år og skal vare til 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltar.

Vedtak vert gjort etter reglane i alkohollova med forskrift, forvalningslova, alkoholpolitisk handlingsplan og delegasjonsreglementet i kommunen.

5.2.3 Dokumentasjon

Ved søknad om alminneleg salsløyve skal dette leggast ved søknaden:

- Firmaattest for alle selskap involvert i drifta. Attestane skal ikkje vere eldre enn 2 månadar
- Dokumentasjon på at styrar og vara for styrar har bestått kunnskapsprøva i alkohollova jf. alkohollova §1-7c
- Dokumentasjon på at styrar og vara for styrar er tilsett i bedrifta
- Ei skisse over lokalet der sal skal skje, lokalet merkast
- Kopi av overdragingsavtale ved eigarskifte
- Rutinar for internkontroll

Søknadar vert ikkje handsama før all vesentleg dokumentasjon er levert inn.

5.2.4 Innhenting av uttalar

Ved alminneleg salsløyve skal kommunen innhente uttale før søknaden vert handsama. Kommunen pliktar å hente inn uttale frå politi og sosialtenesta. Kommunen kan også innhente uttalar frå til dømes skatte- og avgiftsmynde, mattilsynet og andre aktuelle offentlege mynde,

Skatte – og avgiftsmynde

Skatteetaten gir uttale om kor vidt løyvehavar til dømes stettar:

- Likningslova sitt krav om innlevering av sjølvmelding
- Meirverdiavgiftslova sitt krav om innsending av oppgåve over omsetting
- Plikt til å betale meirverdiavgift
- Krav til registrering av meirverdiavgift firmaet i meirverdiavgiftsregisteret
- skattebetalingslova sitt krav om arbeidsgivars forskotstrekk
- Rekneskapslova sitt krav om at det vert ført rekneskap og at det blir utabeida årsoppgjør o.l.

Politiet

Politiet si uttale peikar på tilhøve kring tryggleik, trafikale omsyn, omsyn til offentleg ro og orden og om det er andre tilhøve ved salsstaden, lokalisering og verksemda, som tilsei at ein ikkje tilrår å gje salsløyve.

Politiet skal i samsvar med lovverket gje uttale om søkjær og ansvarlege juridiske personar sin vandel dei siste 10 åra.

Sosialtenesta

Sosialtenesta uttaler seg ut ifrå sosiale og helsemessige forhold.

6. Kontroll med sals- og skjenkestader

[Alkoholforskrifta kap. 9](#) inneholder føresegner om kontroll med sals- og skjenkeløyve.

Kommunen skal kontrollere alle sals- og skjenkestadar for å sikre at det ikkje skjer brot på regelverket, eller vilkåra i løyvet.

Kommunen kan gjennomføre kontrollar ved eigne tilsette, engasjerte kontrollørar eller private vakselskap. Gjennom innkjøpssamarbeidet med Ålesund kommune er det per i dag inngått ein avtale med eit privat vakselskap, og det vil vere denne avtalen som regulerer omfanget og detaljane kring korleis skjenkekontrollen skal gjennomførast. Avtalen ligg tilgjengeleg på kommunen sin avtalelesar på intranettet.

Skjenkekontrollen skal kontrollere løyve gitt av kommunen; både alminnelege skjenkeløyve, ambulerande løyve, løyve for enkeltarrangement og salsløyva. Den kommunale kontrollplikta omfattar ikkje A/S Vinmonopolet sine utsal eller løyve til engrossal.

Det følgjer av alkoholforskrifta at kontrollen skal gjerast med minimum to kontrollørar, og kan skje opent eller anonymt. Kontrollen skal særleg omfatte sals- og skjenketidene, føresegnene om aldersgrenser, og at det ikkje vert selt, eller skjenka alkohol til personar som er openert påverka av rusmiddel. Kommunen skal elles sikre at kontrollen til ei kvar tid er tilpassa dei lokale forhold.

Det følgjer av alkoholforskrifta § 9-7 at kommunen skal gjennomføre minimum tre gongar så mange kontrollar per år som det er løyve, og kvar stad skal kontrollerast minimum ein gong per år. Kontrollane med ambulerande løyve og løyve for enkeltarrangement kjem i tillegg til den ordinære skjenkekontrollen.

Saksansvarleg for sals- og skjenkeløyve i kommunen skal gjennomføre årlege planleggingsmøte med skjenkekontrollen.

7. Reaksjonar på brot på alkohollova

Kommunen pliktar å reagere dersom skjenkekontrollen, eller andre mynde avdekkjer at løyvehavar ikkje har oppfylt sine plikter etter alkohollova, forskrifter, eller plikter som følger av sjølv løyvevedtaket.

7.1 Prikktildeling og inndraging av sals- og skjenkeløyve

Alkoholforskrifta har reglar om standardiserte reaksjonar i form av prikktildeling ved brot på regelverket, eller på vilkåra i løyvet, sjå kap. 10 i forskriften.

Sanksjonar som prikktildeling, eller inndraging av sals- og skjenkeløyve kan berre skje på grunnlag av ein skjenkekontroll gjennomført i medhald av kapittel 9 i alkoholforskrifta, eller ein formell rapport frå andre myndigheiter.

Dess alvorlegare brotet er, dess fleire prikkar pliktar vi å gje. Likearta brot skal vurderast som eit enkeltbrot, men fleire likearta brot under ein kontroll kan indikere at det ligg føre skjerande omstende som gjev grunnlag for fleire prikkar.

Kva type lovbroter som gjev prikkar, og kor mange prikkar brotet kvalifiserer til går fram av alkoholforskrifta § 10-3. Det er utarbeidd ei enkel oversikt i vedlegg «Reaksjonar ved brot på alkohollova». Paragraf § 10-4 opnar for at vi kan gje færre, eller fleire prikkar. Det skal meir til for å gje færre prikkar enn for å gje fleire prikkar.

Dersom løyvehavar i løpet av ein periode på to år har fått totalt 12 prikkar, skal kommunen drage inn løyvet for eit tidsrom på ei veke. Vert det i perioden gjeve fleire enn 12 prikkar, skal vi auke lengda på inndraginga tilsvarende.

Når vi bereknar toårsperiode, skal tidspunkta for brota leggjast til grunn. Toårsperioden gjeld uavhengig av om løyvet er fornøya i løpet av perioden, jf. alkohollova § 1-6. Ved overdraging av verksemda, byrjar ny periode på tidspunktet for overdraginga, jf. alkoholloven § 1-10 første ledd.

Inndraging av eit løyve kan også skje når vilkåra for å ha løyve ikkje lenger er tilstades, som til dømes at kravet til uklanderleg vandel i alkohollova § 1-7b ikkje er oppfylt.

7.2 Sakshandsamingsreglar ved brot på regelverket

Det følgjer av § 9-6 i forskriften at skriftlege rapportar frå skjenkekontrollen skal sendast til sals-, eller skjenkestaden seinast innan ei veke, med ein frist på 2 veker for eventuelle merknadar. Dersom det er registrert negative avvik, kan rapporten med eventuell tilleggsrapport sendast ut saman med førehandsvarsle om vedtak. Sjå meir om førehandsvarsle under.

Vedtak om inndraging og tildeling av prikkar skal reknast som enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Det inneber at det gjeld særskilde saksbehandlingsreglar, sjå forskriften §§ 10-5 og 10-6 og forvaltningslova.

Før eit eventuelt vedtak om inndraging eller prikktildeling vert gjort, pliktar vi å gje førehandsvarsle, jf. forvaltningslova § 16 om at kommunen vurderer eit slikt vedtak og ei grunngjevinga for dette. Løyvehavar skal også få ein rimeleg frist til å uttale seg om saka.

8.Sals- og skjenkegebyr

Sals- og skjenkegebyra i kommunen følgjer til ein kvar tid satsar satt i forskrift til alkohollova.

Kommunen gir frist for innrapportering av omsetting som danner grunnlag for avgift.

Sakhandsamingsgebyr ved søknad om alminneleg løyve til einskilhøve vert sett til:

Løyve for 1 dag kr. 1200,-. Pr. påfølgande dagar kr. 500,- pr. dag.

Vedlegg: Reaksjonar ved brot på alkohollova

Prikkar	Regelbrot
8	Sal, utlevering og skjenking til mindreårige (person under 18 år)
	Brot på bistandsplikta
	Brot på kravet om forsvarleg drift
	Å hindre kommunal kontroll
4	Sal, utlevering og skjenking til person som er openbart påverka av rusmiddel (gjeld både alkohol og narkotika). Skjenking til person som ein må anta er påverka av rusmiddel
	Brot på reglane om sals-, utleverings- og skjenketid
	Skjenking av alkoholhaldig drikk over 22 volumprosent til person under 20 år
	Brot på alderskrav for den som sel, utleverar eller skjenker alkoholhaldig drikk
2	Person som er openbart påverka av rusmiddel får tilgang til lokalet, eller at løyvehavar ikkje syt for at ein person som er openbart påverka av rusmiddel forlèt lokalet
	Manglar ved løyvehavar sin internkontroll
	Gjentekne tilfelle med omsetnad av narkotika på skjenkestaden.
	Gjentekne tilfelle av diskriminering
	Manglande levering av omsetnadsoppgåve og forseinka betaling av gebyr.
	Brot på krav om styrar og vara for styrar.

1	Brot på krav om alkoholfrie alternativ
	Brot på reglane om plassering av alkoholhaldig drikk på salsstad
	Brot på reglane om skjenkemengd for brennevin
	Brot på vilkår sett i vedtaket om løyve m.m.
	Konsum av medbrakt alkohol
	Gjestar tek med alkohol ut frå skjenkelokalet
	Brot på reklameforbodet
	Det vert utskjenna alkohol frå leverandør som ikkje har "tilvirknings- eller salgsbevilling eller som kan drive engrossalg, eller som er tilvirket eller innført med hjemmel i § 4-2 tredje ledd."
	Brot på forbod mot å nytte alkoholhaldig drikk som gevinst, eller premie Brot på forbod mot å dele ut alkoholhaldig drikk til forbrukar med marknadsføring som formål
	Brot på forbod mot at person som har salsløyve gjev rabatt ved sal
	Brot på forbod mot innføring og omsetting av enkelte alkoholhaldige drikker, jf. Alkohollova § 8-13.